



BREMANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN

Det kongelige Finansdepartement
Postboks 80008 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
15/1707-3/K1-232, K3-&13//AIM

Dykkar ref.

Dato:
04.09.2015

Høyring om eigedomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Eg syner til Dykkar brev datert 18.06.2015 med vedlegg vedk. høyring om eigedomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk.

Bremanger kommunestyre handsama saka i møte den 03.09.2015, sak KST-032/15. Det vart gjort samrøysta vedtak om følgjande fråsegn i saka:


«Bremanger kommune går sterkt imot dei endringane som Finansdepartementet gjer framlegg om i høringsutkast om eigedomsskattlegging av arbeidsmaskinar mv. i verk og bruk.

Bortfall av inntektene frå verk og bruk vil føre til reduksjon i tenesteytinga til innbyggjarane i kommunen og viktige incitament for tilrettelegging for produksjon av ny fornybar energi vil forsvinne.

Ein meiner og det er uforsvarleg å endre dagens reglar for eigedomsskatt utan at eit lovutval på førehand vurderer og synleggjer dei økonomiske konsekvensane av dei ulike alternativa for endring.

Bremanger kommune viser elles til resolusjon frå LVK sitt landsmøte 21.08.2015.»

Med helsing


Tom Joensen
rådmann